


BOTNEN KOMMENTERER



Eg vågar meg ikkje ut på med nokre tankar om arvesynda. Men eg trur alle kan verta samde om - dersom dei tek seg tid til å tenkje litt - at born ikkje skal straffast for det foreldra gjer.

Vårt Land 23/12-95.



Skal born av tyske soldatar kunne eige bytte bos oss?

VÅRT LAND/ARKIV

Må vi vere glade i Wehrmachts born?

DET VAR Adolf Dirks frå Frankfurt som søkte om konsesjon for hytte i Stangvik. 16 folkevalde meinte at ein slik mann ikkje måtte få eige ein bit norsk og nordmørsk jord. Ordførar Asbjørn Ørsal (AP) sa det slik: «Mest alle saman var medlemmer i Hitlerjugend.»

Dersom Adolf Dirks er 53 år, så er han fødd i 1942 og var dermed tre år når krigen tok slutt. Den organisatoriske innsatsen hans for å fremje nasjonalsosialismen må ha vore avgrensa. Du måtte dessutan vere 14 år for å bli medlem av den eigentlege Hitlerjugend, men til organisasjonen høyrde også Das Deutsche Jungvolk der mindre barn var med. Dei aller yngste høyrde med i Die Pimpfe der dei over seks år kunne (måtte) bli medlemmer.

HARDE ORD

Ordførar Ørsal nøgde seg ikkje med innsatsen som historikar, han slo også sterkt til som spåmann: «Det er berre innbilning at demokratiet er ein grunnfesta rett i dagens Tyskland.»

Også representantar frå andre parti var med. Harald Aasbø frå Kristeleg Folkeparti sa nei til konsesjon av di Dirks landsmenn

hadde freista drepe far hans i 1940. Etter 55 år kunne han vel vurdere ei slags indirekte tilgjeving retta mot ein som ikkje var fødd då Aasbø senior var i fære?

Lars Polden frå Senterpartiet heldt seg meir nøktern til partiprogrammet og roysta mot konsesjonen av di han ottast avfolkning av Noreg. Sjølv sagt er det då ikkje berre å fylle opp tome bygder med ferierande born av tyske soldatar.

Med 17 mot 16 røyster fekk tyskarane konsesjon og kan hende er han framleis glad i Surnadal og folket der, men ordskiftet er eit nytt døme på eit gammalt problem: Born vert lasta for foreldra sine handlingar.

UGYLDIGE BORN?

I si siste minnebok som tek føre seg hennar første år, skriv Margaret Thatcher om ein oppglødd metodistpastor som tordna mot omgrepet «ekte born» (på engelsk illegitimate children, urettvis eller ugyldige born.) Slike born finst ikkje, meinte pastoren, som var av den meining at born ikkje skulle lide for det foreldra hadde gjort.

Mange av oss hugsar dei små som vart kalla uekte og mykje, mykje verre var det om ungen i tillegg til å vere uekte hadde ein tysk og uniformert far. Det er mange som

hevdar at Sven Oftedal er den snillaste mann som nokon gong har vore med i eit norsk riksstyre. Men som sosialminister gjekk han etter krigen inn for at born med norske mødre og tyske fedre skulle bli i Tyskland. Han meinte det var betre for dei - og kan hende var det betre å svelte enn å leve som mett tyskarunge her hos oss?

Tyskarhat er eit velkjend fenomen, og må vere skapt av at dette er eit land som med krig som hjelpemiddel, vart utvida og samla. Men Frankrike, Russland og Storbritannia vart enda større etter same oppskrift.

Det er mange - også på Nordmøre - som etter 1945 har gjort mykje for å få vekk hatet. Tilhøvet mellom Frankrike og Tyskland er eit døme på noko som har lukkast. På den andre sida synjer Jugoslavia korleis hatet brått kan bløme opp. Folk under 50 år hadde ikkje opplevd at nokon hadde gjort dei noko vondt for di dei var muslimar, serbar eller kroat, men det etniske hatet låg der, mest som i dvale. Staten som Tito gjerne kalla «brorskap og einskap» synt seg å vere noko heilt anna, og reint biologisk må hatet ha vorte overført frå ein generasjon til neste. Dermed må folk ut med kniv eller skytevåpen for å taka hemn over det far eller mor opplevde.

No vert det kan hende fred i Bosnia og Hercegovina, men fire millionar flyktningar og 200 000 døde let ikkje berre etter seg ei blodsulka jord. Dei har og born og borneborn, som tek hatet med seg inn i framtida. Heinrich Himmler kjende til dette, og når nokre lågmælt tok til orde mot at også jødiske småborn skulle drepast, sa han frå at Tyskland ikkje kunne risikere at barna fekk vekse opp og taka hemn.

MAO OGSÅ

Då Mao Zedong slepte laus kulturrevolusjonen i Kina, vart det også gjort til prinsipp at borna til godseigarar, kapitalistdiktatorer og kona hans, skulle straffast. Korleis dette kan byggjast inn i marxismen-leninismen er meir enn uforståeleg.

Eg vågar meg ikkje ut på med nokre tankar om arvesynda. Men eg trur alle kan verta samde om - dersom dei tek seg tid til å tenkje litt - at born ikkje skal straffast for det foreldra gjer. Då lyt vi og ta den konsekvensen å akseptere at ein tysk 53-åring får eige ein bit norsk jord. Og det ikkje berre av di det er jul.

Av Bjarte Botnen